

Høyringsuttale frå Felles Brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane i høve «REGIONAL PLAN FOR KVALITET OG PASIENTTRYGGLEIK 2020–2024»

Felles Brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane meiner planen er utfyllande og har mange gode tiltak og intensjonar. Den syner at helseføretaka med sine ulike avdelingar er ein svært kompleks organisasjon og at det er stor breidde i alle funksjonane som skal fungere som ei helseteneste.

God kvalitet og god behandling er noko av det viktigaste for oss som er brukarar av helsetenestene. Kvalitet gir tryggleik og er føreseieleg. I Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 syner ein til at pasienten er ekspert på eigen helse og kan være ein viktig ressurs inn i forbetningsarbeidet i helsetenesta. God involvering av pasient og pårørande vil gi meir treffsikker førebygging, behandling og oppfølging. Ein vil gjere det lettare for pasientar å være med å ta avgjerder om eigen helse og sikre at pasienten si stemme vert høyrd i utviklinga av tenestene. Med bakgrunn i dette ser vi positivt på at det i planen er eit konkret tiltak (pkt.24) som seier at ein skal ta i bruk samvalsverktøy og bidra aktivt til å betre desse og utvikle nye der det er udekte behov.

Samval føreset at pasienten får god informasjon om sin eigen tilstand, aktuelle behandlingsmetodar og risiko. Her vil pasienten sin helsekompetanse ha stor betydning for evna til å være ein aktiv deltakar. Det vil seie pasienten si evne til å forstå, vurdere og nytte kunnskapsbasert helseinformasjon for å kunne ta avgjerder i høve eigen helse.

Ei av spesialisthelsetenesta sine lovpålagde hovudoppgåver er pasientopplæring. Opplæringa skal gjere pasientar i stand til å mestre egne helseutfordringar. For mange pasientar er bistand frå pårørande avgjerande for både gjennomføring av behandling og meistring i kvardagen. Fleire av dei pårørande har også eit informasjons- og opplæringsbehov som ikkje alltid blir godt nok teken i vare. Informasjon og opplæring av den einskilde brukar og pårørande er viktig for pasienttryggleiken og bør vere tema i ein plan om kvalitet og pasienttryggleik.

Når vi les planen meiner vi at brukarane er fråverande i kraft av å vere nokon med ressursar og kvalitetar som kan nyttast i kvalitet og pasienttryggleiksarbeidet. Ved å anerkjenne pasient og pårørande som ressursar som aktivt kan bidra for å utnytte helseressursar og gi tryggare tenester, meiner vi det vil vere med å gi ein gevinst for alle.

Vi har følgjande kommentarar til einskilde punkt i planen:

2.2 Utfordringar i tenestene

«Kva endringar må vi gjere? Helsepersonell er generelt flinke til å finne tiltak. Vi må i løpet av denne perioden jobbe med å ta i bruk forbetningskompetanse slik at tiltaka blir sette i system og testa ut systematisk. Vi må lære å bruke ressursane våre på dei tiltaka vi veit verkar, til dømes tiltak frå pasienttryggleiksprogrammet. Vi må nytte kunnskapen om det som går feil, men òg erfaringane frå det som lukkast».

Vi støttar opp om å systematisere erfaringane frå det som lukkast, vidareføre dei og bringe dei ut i organisasjonen. Det vil være med å trygge behandlarane i jobben.

3.1.3 Samhandling

«Tiltak/Innsats»

«Alle pasientar skal ha utskrivingsamtale og få med seg tilpassa skriftleg informasjon».

Det er særleg viktig at pasientane og eventuelt pårørande får god informasjon i overgangane – det kjennes tryggare for brukarane, og når brukarane sjølv har fått kunnskap så minskar det risikoen for feil.

Forslag til tiltak/innsats:

Førehandssamtalar mellom pasient/pårørande og fagpersonell.

Vi saknar egne tiltak i høve overgangen Barn-Vaksen.

Vi saknar egne tiltak for pasientar med funksjonshemming.

3.2.2 Tryggleikskultur, risiko og læring

Forslag til tiltak/innsats:

Refleksjons – og etikkgrupper på avdelingane

Klinisk etisk komite

Klinisk etisk komite er med på å løfte kvaliteten i føretaka gjennom å drøfte etiske problemstillingar som behandlarar står overfor i ein hektisk kvardag. Pasient og pårørande kan bringe inn saker til komiteen på lik linje med helsepersonell. I Helse Førde har ein opna opp for at kommunane også kan nytte seg av Klinisk etisk komite. Alle partar får mogelegheit til å delta i framlegg av saka si, og får tilbakemelding av konklusjonen etter drøftinga. Ei drøfting i klinisk etisk komite er med på å trygge medarbeidarar i organisasjonen og evt. kommunalt tilsette. Pasient og pårørande vert teken på alvor, og læring og samarbeid mellom 1. og 2. linetenesta er nyttig i eit helsefelleskap-perspektiv. Samval på individ- og systemnivå.

3.5.2 Brukarmedverknad på systemnivå

Forslag til Tiltak/Innsats

Brukarane må bli meir inkluderte og få opplæring knytt til eigen sjukdom og behandling slik at dei sjølve kan vere aktivt med for å få det beste resultatet. Når pasientane får kunnskap som dei nyttar for tilfriskning av eigen sjukdom så vil dette også bli nyttig i evaluering og vidareutvikling av tilbod.

Tiltak 24. Her er det ikkje sett opp noko tidsperspektiv eller korleis dette skal føregå. Ein kan med fordel vidareutvikle tilbodet ved LMS.

Tiltak 28. Her er det heller ikkje skrive noko om korleis dette skal gjerast eller eit tidsperspektiv. Innan somatikk vaksne blir det brukt mykje resursar for å avdekke moglege feil. Det er minst like stort behov for dette systematisk pasienttryggleiksarbeidet innan psykisk helsevern og rus.

5. OMGREPSLISTE/DEFINISJONAR

Presisering av kva ein legg i omgrepet Brukar; individ og/eller systemnivå.

6. KJELDER OG LITTERATUR

Nasjonal helse- og sykehusplan 2020-2023. Meld.St.7

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-7-20192020/id2678667/>

Veileder: Forhåndssamtaler på sykehjem

https://www.med.uio.no/helsam/forskning/prosjekter/forberedende-samtaler-i-sykehjem/acp-veileder271117.pdf?utm_source=publikasjoner&utm_campaign=veileder-forhandssamtaler

Førde 15.12.2019

Audun Nedrebø

Leiar